

Den godkjende plasseringa vert søkt endra mot nord/nordaustleg retning. Gapahuken vert som tidlegare plassert i LNF-område i kommuneplanen, og ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjøen, jf §§ 1-8 og 11-6. Arealet for gapahuken si nye plassering er allereie omdisponert etter jordlova, og ligg i noverande AR5-kart som bebygt areal. Det aktuelle arealet utgjer, som opphavleg omsøkt plassering. Det knyter seg følgeleg ikkje landbruksinteresser til arealet. Det er heller ikkje registrert naturlokaltetar, og det knyter seg ikkje friluftsinteresser til området. Arealet er i dag nytta til ulike føremål ved sjøen, m.a. lagring av kanoar og som utehophaldsareal. Gapahuken vil verte nytta i relasjon til 117/7 sine Inn på tunet-aktivitetar, og er difor nært tilknytt LNF-føremålet med hovudvekt på Landbruk og til ei viss grad Friluft.

Den justerte plasseringa følgjer av eit behov for å betre plasseringa for ulike brukargrupper med ulike funksjonsnivå, justeringa gjer at den framleis vert plassert på allereie planert areal, og at den ikkje hindrar ferdsel i strandsona.

Gapahuken er knytt til gardsdrifta særleg gjennom Inn på tunet-aktivitetar, og ein finn desse å vera i tråd med veiledar Garden som ressurs (Landbruk Pluss) side 8, vurderingskriterier 1.1, som "annen næringsvirksomhet knyttet til jordbruk ... eller lignende". Ein mindre del av tunet til 117/7 fell innanfor 100-metersbeltet til sjøen, og området kor det no vert søkt om tiltak ligg i nær relasjon til tunet - innanfor 100-metersbeltet langs sjøen. Imidertid er arealet som vert teke i bruk allereie enkelt opparbeidd til diverse utomhusføremål, og tiltaket vil ikkje beslaglegge urørt strandsone. Vidare er tiltaket av ein slik art, som uthus å rekne, at det ikkje får privatiserande effekt etter friluftslova § 2, jf § 1a. Tiltaket har dessutan eit ålment tilsnitt i kraft av å vera kopla til Inn på tunet-aktivitet, og vedkjem tilrettelegging av aktivitetsbygning for dette føremålet.

#### Oppsummert

Med bakgrunn i det ovannemnde kan ein ikkje sjå at pbl §§ 1-8 eller 11-6 vert vesentleg tilsidesett. Vidare finn ein at fordelane ved å gje dispensasjon er klårt større enn ulempene, og vektlegg då særleg omsøkte tiltak sin relasjon til allereie bebygde tiltak og tekniske inngrep - samt klår kopling til det tilbodet Inn på tunet representerer for såvel gardsbruket som brukarane.

På vegne av søker,

Kristian Råsberg  
Fimbul AS

